

Turskiltprosjektet (2013-2016)



- Det skal merkes i hele landet!

Midlar til Turskiltprosjektet i 2016

Turskiltprosjektet er eit nasjonalt prosjekt der Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunane i fellesskap gir økonomisk støtte til merking, skilting og informasjonstiltak knytta til turruter. Formålet med Turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfærdse der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking.

2016 er det siste året i prosjektperioden. Difor er det viktig at dei som har planar om å skilte og merke søker om midlar i 2016.

I Hordaland er det eit krav til søker i Turskiltprosjektet om 50% eigeninnsats i prosjektet, i form av dugnad og/eller egne midlar.

Summen av kommunale og fylkeskommunale midlar gir summen HFK kan søkje Gjensidigestiftinga om. Til saman vil dette utgjere dei totale midlane Hordaland kan nytte i Turskiltprosjektet 2016. Dei kommunane som bidreg med egne midlar vert prioritert ved tildeling.

For 2016 har Hordaland fylkeskommune avsett kr. 770 000 til Turskiltprosjektet. Fylkeskommunen har søknadsfrist til Gjensidigestiftelsen 15. desember. Såleis må vi innan 10. desember vite om de har avsett egne midlar til dette arbeidet for 2016 med konkret beløp.

Dette kan meldes inn på e-post til eirik.knive@hfk.no **innan 10 desember**.